

Prekenverkstedet



<http://www.israelsmisjonen.no/ressurser/materiell/prekenverksted>

23. søndag i treeiningstida - 17. november 2019

Preiketekst: Matt 24,35-44

Lesetekst I: Jes 51,11-16

Lesetekst II: 1 Tess 4,13-18

Avslutninga

Kyrkjeåret går mot slutten, og då les me også bibeltekstar som handlar om avslutninga. Denne søndagen ligg vekta på at vi ikkje veit dagen og formaninga om å vera vaken.

Ingen kjenner dagen

Teksta denne søndagen er henta frå den store talen om dei siste ting og tider i Matteus 24-25. Dette er tekstar som har ført til mykje diskusjon blant kristne. Talar Jesus profetisk om dommen over Jerusalem i år 70, eller peiker han fram på den store dommen og avslutninga av verda? Kan vi bruka tekstane til å leggja eit skjema for kva rekkjefølgje ting skal skje i? Her kan mange tema bringast på banen.

Det forsiktige svaret er at vi ikkje er heilt sikre, men tradisjonell tolking av teksta vi les denne søndagen, er at ho handlar om den endelege avslutninga. Og i staden for å prøva å leggja eit endetidsskjema, bør vi leggja vekt på det som er Jesu hovudtema: Ingen kjenner dagen og timen, vi må derfor vera vakne. Dette gjentek Jesus fleire gonger og bruker konkrete døme for å forklara og understreka poenget sitt.

Berre Faderen?

I den greske tekstutgåva mi står det ei note på uttrykket «heller ikkje Sonen» (v. 36). Dette uttrykket manglar i fleire av handskriftene til NT. Uttrykket har ei historie med kontrovers bak seg. For i dei valdsamme debattane om Jesus verkeleg er både sann Gud og sant menneske, blei dette uttrykket vist til som ein indikasjon på at han ikkje kunne vera sann Gud. Svaret på dette var at Jesus her talar som den utsendte som gjer kjent for menneska alt det er meninga at menneska skal vita. Augustin seier at når Bibelen seier at Jesus ikkje veit, betyr det at det er snakk om noko det ikkje er meninga at vi skal få vita.

Noahs dagar

Jesus bruker to illustrasjonar for å understreka poenget sitt om at ingen veit. Den første er tilhøvet på jorda i Noahs dagar. Her er poenget først og fremst at livet gjekk som vanleg. I dette ligg kanskje også det poenget at dei berre var opptekne av det som høyrer dette livet til, og ikkje hadde auge for den kommande verda. Biletet av mennene på marka og kvinnene ved kverna understrekar det same. Problemet er ikkje at ein har blick for det daglege livet, problemet er når dette blir det einaste ein har blick for.

2 Pet 2,5 kallar Noah han som «forkynte rettferd». I jødisk tradisjon er dette understreka om Noah (t.d. Jubilearboka 7,20-29). I ljøs av dette, kan vi undrast på om Jesus, ved denne samanlikninga, også får fram at det ikkje er mangel på åtvaringar. Problemet når dommen kjem er ikkje mangel på kunnskap om *at* det vil komma ein dom, problemet er at ein ikkje er *førebudd*.

Tjuven

Biletet av tjuven som kjem om natta er også med andre stader i NT. I 1 Tess 5,2 skriv Paulus: «For de veit godt at Herrens dag kjem som ein tjuv om natta». Poenget er det same. Herrens dag kjem uventa. Den som ikkje er førebudd og ventar, vil bli overraska.

Til preika

Då eg vaks opp, hørte eg ofte forkynning av typen: «Jesus kan koma i morgon. Er du førebudd?» Det kunne av og til vera skummelt. Det er kanskje noko av grunnen til at ein høyrer mindre av det i dag. Eg veit ikkje sikkert. Eller kanskje er grunnen nettopp det som står i teksta, at vi har blitt så opptekne av dette livet at vi gløymer heilt det kommande.

Dette kan vera ein søndag til å understreka med alvor denne sanninga. Ein dag tek livet og tida slutt. Det gjeld både den einskilde og det gjeld verda vi lev i. Det er vanskeleg å komma unna at Jesus her understrekar at denne dagen vil setja eit skilje mellom menneske. Nokon blir med inn i festen, medan andre blir verande utanfor (sjå likninga om brudejentene i fortsetjinga).

Knut Kåre Kirkholm

Teolog og høgskolelektor ved Fjellhaug internasjonale Høgskole (NLM) og redaktør i magasinet Fast Grunn.

kkirkholm@fjellhaug.no